



## **OPPSUMMERING PROSJEKTMØTE «Nordhordlandsprosjektet» 07.11.17**

### **Til stades:**

Kristin Standal og Liv Bråten (Det nasjonale Velferdsteknologiprogrammet/NVP)  
Representantar frå kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Osterøy, Radøy og Vaksdal.  
Prosjektgruppa: Kari Bjørkheim, Elin Eikemo, Helga Ellingsen, Oddrun Hoel, Gro Løvik, Anita Sævild, og Per Waardal

### **Fråvær:**

Representantar frå Meland, Lindås og Modalen. Prosjektgruppa: Rosalind Instebø

**Tema:** *Kva har me? Kva vil me? Kor skal me? -Sjå vedlagt program*

### **Innhald:**

**1. Kristin Standal**, som er prosjektleiar innføring og spredning i NVP informerte om programmet som har 28 prosjekt og 213 kommunar. Målsetjing. Implementering og driftssetting av velferdsteknologi. Sjå vedlagt presentasjon.

**2. Kari E. Bjørkheim**, prosjektleiar «Nordhordlandsprosjektet»- saman om velferdsteknologi informerte og gjekk gjennom prosjektmandatet. Sjå vedlagt presentasjon.

#### Viktige stikkord:

-brukarbehov og kartlegging, effektive og trygge tenester, forankring i alle ledd, tenesteendring, kulturendring, sektorovergrepande, opplæring, informasjon, ressurspersonar, kommunal eigenandel, prosjektrapportering frå kommunane, erfaringsdeling

#### Erfaringsdeling regionalt og nasjonalt:

«Nordhordlandsprosjektet» er einaste prosjektet i Hordaland som er tatt opp i det nasjonale Velferdsteknologiprogrammet og har difor eit spesielt ansvar for spreiding av erfaring og kompetanse til fylket, men òg i regionen og landet. Gir unik muligheit til å påverke «Morgondagens omsorg».

### **3. Status i kommunane:**

- Austrheim:
  - ✓ Forankring både politisk og hos mellomleiarane
  - ✓ Velferdsteknologiens ABC: i rute med lokale samlingar
  - ✓ Jobba med kartlegging på ulike tenesteområder og bruk av hjelpemiddel frå Hjelpemiddelsentrale
  - ✓ Fordel: liten kommune og kort tenesteveg
- Fedje:
  - ✓ Forankring både politisk og administrativt
  - ✓ Arbeidsgruppa er godt i gang
  - ✓ Samling PA Consulting 06.12.17: i gang med oppgåvene
  - ✓ Velferdsteknologiens ABC: i rute med lokale samlingar
  - ✓ Utfordringar: behov for spreiding og informasjon til tilsette

- Gulen:
  - ✓ 3 ressurspersonar er godt i gang
  - ✓ Velferdsteknologiens ABC: i rute med lokale samlingar
  - ✓ Samling PA Consulting 06.12.17: i gang med oppgåvene
  - ✓ Utfordring: få informasjon ut til alle tilsette
- Masfjorden:
  - ✓ Forankringsplan er utarbeida
  - ✓ Arbeidsgruppe er etablert
  - ✓ 2 ressurspersonar godt i gang med kartleggings- og informasjonsarbeid
  - ✓ Samling PA Consulting 06.12.17: i rute med oppgåvene
  - ✓ Velferdsteknologiens ABC: i rute med lokale samlingar
- Osterøy:
  - ✓ Ynskjer å satse, og har laga eige prosjekt i kommunen med styrings- og arbeidsgruppe
  - ✓ Økonomiplan og budsjett: prosjektet er inne
  - ✓ Informasjonsarbeid: er gitt til tilsette, fastlegar og til innbyggjarane via nettsider/facebook
  - ✓ Utfordringar: dette er annan måte å jobbe på og det må ei stor kulturendring til
- Radøy:
  - ✓ Forankring: ved gjennomføring møtt både viss skepsis og interesse
  - ✓ Ressurspersonar som har vidareutdanning i velferdsteknologi
  - ✓ PU-tenster er viktige å inkludere
  - ✓ Utfordringar: kapasitetsproblem pga. prosjektet Alver-kommunesamanslåing
- Vaksdal:
  - ✓ Ressurspersonar er godt i gang.
  - ✓ Velferdsteknologi tatt inn i kommunen «Lev vel»-prosjekt, som inneber annan måte å jobbe på og bruk av kvardagsteknologi. Har allereie henta ut gevinstar.
  - ✓ Jobba med kompetanseheving, forankring, informasjon og spørjeundersøking.

Referent: Gro H. D. Løvik